

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø
v/ byggjesak

17.07.14

Norwegian Weather Protection AS
Lurevegen 66
5912 Seim
v/ Ingebjørg Eide,
Prosjektleiar
Tlf. 476 55 087
E-post: ingebjorg@nwp.as

Søknad om byggjing av lagerhall

Eg er ansvarleg for byggjesøknadsprosessen til Lindås Kommune Teknisk Drift, avd. VA504, som vil setje opp ein lagerhall på tomta si ved Storavatn VBA på Seim. Etter munnleg og skriftleg kontakt med tilsette i Lindås Kommune har eg og prosjektleiar for Lindås Kommune teknisk drift, kome fram til at eg sendar inn eit litt meir utdjupande følgjebrev som forklarar saka nærare. Eg sende ut nabovarsel den 03.07.14. Dette er dermed over to veker sidan, og ingen av naboane har kommentert saka. Eg går derfor nå vidare med søknaden. Vi har, etter befarung på eigedomen i lag med ein representant frå NWP og representant frå Lindås Kommune Teknisk Drift, Knut Espetvedt, komen fram til ein eigna stad å setje opp lagerbygninga.

Det aktuelle området er eit LNF-området, med omsynssone for nedslagsfelt for drikkevatn. Det er ikkje noko fastsett utnyttingsgrad på eigedomen, og eg har derfor gått utifrå at det er 50% utnyttingsgrad. Søknaden i dette tilfellet vert ein dispensasjonssøknad.

Det søkjast om oppføring av ein lagerhall i plast i storleiken 8x15x3 meter (se innteikna på kart) på eigedomen. Grunnen til at Lindås Kommune teknisk drift, avd. VA504 treng å oppføre denne hallen er fordi dei har manglande lagerkapasitet i førehald til behovet. Den

raskaste og rimeligaste løysinga for Lindås Kommune teknisk drift, avd. VA504 vil vere å setje opp ein hall på eiga grunn.

Drikkevatnet på Seim er viktig for regionen, og det er særskild viktig at dette kan nyttast også når straumen går. Ein er avhengig av å få ein god lagringsstad for eit naudstraumsaggregat som vert sett i drift når straumen går, slik at vassverket framleis kan vere i bruk, og ikkje er avhengig av straum. Elles skal ein lagre diverse rør og kummer som brukast i drifta til vassverket.

Målet til kommunen bør vere å leggje til rette for god driftstryggleik, og fjerne eventuelle hindringar.

Vonar dette lar seg løyse og på ein snarleg tilbakemelding.

For Norwegian Weather Protection AS og Lindås Kommune Teknisk drift avd. VA504,

Ingebjørg Eide



Norwegian Weather Protection AS
org.nr. NO 981 537 505 MVA



Norwegian Weather Protection AS

Lurevegen 66 - 5812 Seim
tlf: 56 35 64 00 fax: 56 35 64 01